

| | | | |
|-----------------|------------------|------------------|--------------------------|
| RÅD: | MØTESTAD: | MØTEDATO: | SAK NR.: |
| GAULAR SOKNERÅD | KYRKJELYDSHUSET | 30.10.14. | GSR 27/14 F (KL § 14) |

Arkiv nr. : 008

SAK: HØRING STATEN OG DEN NORSKE KIRKE – ET TYDELEG SKILLE.

SAKSHANDSAMAR: Magna Lisbeth Lunde

SAKSDOKUMENT: Høringsnotat av 02.09.14 frå Kulturdepartementet "Staten og Den norske kirke – et tydeleg skille."
Kyrkjelova med forslag til endringar.
Utkast/moment til KA sin høyringsuttalelse pr. 01. oktober 2014. Kulturdepartementet "Staten og Den norske kirke – et tydeleg skille."
Skriv av 16.10.14 frå KA "Urovekkende signal om kirkeøkonomi".
Dokument som er komne til etter at kyrkjeverja hadde avslutta si sakshandsaming:
Notat til høyringa om "Staten og Den norske kirke – et tydelegere skilje" av 20.10.14. frå Reidar Knapstad Prosten i Sunnfjord.

SAKSUTGREIING:

Det vedlagde høyringsnotat inneber ei omfattande endring i forholdet mellom staten og Den norske kyrkja. Hovudspørsmåla gjeld etablering av DNK som eit eige rettssubjekt, samt overføring av prestar, tilsette ved bispedømmekontora og Kirkerådet sin administrasjon til Den norske kyrkja.

Fristen for høyringa er 01. november 2014.

Med grunnlovsendringa i 2012, Kyrkjemøtet sitt vedtak i 2013 og Sundvollen-erklæringa føreligg det nå rettsleg, kyrkjeleg og politisk grunnlag for å føreslå eit tydeleg skilje mellom staten og DNK.

Høyringa "Staten og Den norske kyrkje – et tydeleg skille" med framlegg om ei kyrkjeleg forvaltningsreform er i samsvar med Sundvolden erklæringa og Kyrkjemøtet sitt vedtak i 2013.

Med bakgrunn i at ein ynskjer gode prosessar som inneber eit breitt fleirtal, kontinuitet og ei gradvis utvikling har ein lagt følgjande til grunn for høyringa:

- Grunnlova sine lover om DNK ligg fast.
- Vidareføring av kommunen sitt ansvar for den lokale kyrkja sin økonomi.
- Soknet sitt rettslege sjølvstende vert vidareført.
- Staten sine finansieringsoppgåver vert vidareført.

Framlegga til lovendring vil gjere kyrkja rettsleg sjølvstendig, og det vert danna eit eige rettssubjekt for Den norske kyrkja. Det nye rettssubjektet vil etter forslaget omfatte den delen av den kyrkjeleg verksemda, som i dag er ein del av staten.

Hovudsaka i departementet sitt forslag er at DNK gjennom lova får ein rettsleg sjølvstendig handleevne, slik dei enkelte sokn har i dag.

Med bakgrunn i høyringa er det departementet sitt mål å legge saka fram for Kirkemøtet til uttale i 2015, med etterfølgjande lovproposisjon til Stortinget. Departementet vurderer det slik at 2017 vil vere det tidlegaste tidspunktet for iverksetting av tiltak.

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Med bakgrunn i grunnlovsendringa i 2012 er det nødvendig og ein naturleg konsekvens med ei endring av relasjonane mellom staten og Den norske kyrkja. Ein er samd med hovudforslaget i høyringa som vil etablere ei rettsleg handleevne til Den norske kyrkja sentralt, etter same modell av fristillinga mellom den lokale kyrkja og kommunen i 1997. Forvaltningslova og offentlighetslova bør framleis vere gjeldande.

Det nye rettssubjektet vert kyrkjemøtet medan kyrkjerådet vert det utøvande organet.

Kyrkjemøtet må også ha høve til å delegere arbeidsoppgåver til både nasjonale og regionale organ.

Ein ynskjer også å påpeike at soknet framleis skal vere grunneininga i Den norske kyrkja.

Dette inneber eit sjølvstendig rettssubjekt med dei rettar og pliktar soknet etter lova har i dag. Noko som også inneber soknet "ikkje kan løysast" frå Den norske kyrkja.

Det er viktig å syte for at dei endringane som kjem ikkje fører til at vi får ei meir sentralstyrt kyrkje. Derfor må dei økonomiske midlane som kyrkja får, så langt det er mogeleg vert nytta på soknenivå der det meste av arbeidet vert gjort.

Med bakgrunn i ovannemnde og i soknet sine rettar støttar ein KA sitt framlegg til utviding av det føreslåtte leddet til KL § 2:

"Hvert sokn skal være betjent av prest i et omfang som sikrer soknets medlemmer mulighet for regelmessig gudstenestefeiring, tilgang til kirkelige handlinger og nødvendig samordning med soknets virksomhet. Soknets organer har rett til medvirkning ved tilsetting av prest i eget sokn".

I tillegg til sikring av prestenesta bør staten også ta det økonomiske ansvaret for å syte for at alle døypte får trusopplæring.

Når det gjeld kyrkjeleg tilsette som før hadde staten som arbeidsgjevar støttar ein Kyrkjemøtet sitt vedtak frå 2013 som inneber at desse får sitt tilsetjingsforhold hjå det sentrale rettssubjektet (Kyrkjemøtet) som ei midlertidig ordning.

Med bakgrunn i KA sin erfaring og kompetanse tilrår ein KA sitt framlegg om at disiplinære vedtak vert avgjort av ansvarleg arbeidsgjevar. Dette er ei ordning som er samanfallande med den ordninga som gjeld for andre kyrkjelege tilsette og tilsette i kommunar og fylkeskommunar.

Ein støttar framlegget i høyringa om at det er i kyrkja og samfunnet si interesse at prestane tek vare på sine oppgåver på eit tilnærma uavhengig grunnlag, men forplikta på ordinasjon og med eit personleg ansvar.

Når det gjeld framtidig finansiering av kyrkja ynskjer ein å halde fram med ein to delt finansiering tilsvarande den modellen som er nytta i dag. Denne ordning inneber at 1/3 er finansiert frå sentralt hald, denne delen av finansieringa dekkjer hovudsakleg utgiftene til prestenester, tilskot til diakoni og trusopplæring samt utgifter knytt til kyrkja sine regionale og nasjonale organ. Dei resterande 2/3 av midlane er midlar frå kommunane til kyrkja lokalt.

Kommunal finansiering av kyrkja på lokalt nivå er av stor verdi. Det gjev oss på lokalplanet eit godt grunnlag for samarbeid og dialog som er av stor verdi når vi ber om løyvingar. Dei lokale tenesteytingsavtalene er også verdifulle både av di dei gjev oss tilgang til rimelege tenester på m.a. rekneskapsføring og revisjon, og fordi dei skaffar oss ei stor kontaktflate inn i kommunen. Frå lokalkyrkja sin ståstad er det derfor ynskjeleg at vi får halde fram med føreskrifter for rekneskapsføring som er tilpassa det kommunale systemet. Dette samarbeidet gjer at kommunen kan tilføre den lokale kyrkja meir ressursar enn dei elles kunne av di det "kostar" kommunen relativt lite å ta med kyrkja når dei likevel har både personell og system til å utføre arbeidet.

Dersom vi framleis skal ha (og som høyringa legg opp til) 2/3 lokal finansiering av lokal kyrkja, er det heilt vesentleg at vi saman med kommunen, lokalt får høve til å nytte dei ressursane vi har til beste for det lokal samfunnet vi høyrer til. Dette samarbeidet er heilt avgjerande for at det skal vere realistisk å oppretthalde ei landsdekkande folkekyrkje.

Det er viktig at ordninga med momskompensasjon, slik den fungerer for lokalkyrkja i dag held fram. Når kommunen yter tilskot til den lokale kyrkja er det av stor verdi at den lokale kyrkja får refundert momsens etter same regelverk som kommunen.

Tenesteytingsavtalar med kommunen om rekneskap og revisjon er svært vanleg. Dette vil innebere at Den norske kyrkja lokalt også i tida framover ikkje vil ha samanfallande regelverk med det som gjeld for Den norske kyrkja sentralt.

I samband med at dei som til no har vore statstilsette skal overførast frå staten til Den norske kyrkja sentralt, vil dette innebere store framtidig pensjonsforpliktingar for Den norske kyrkja. Dette er ein framtidig kostnad som er nær sagt umogeleg å rekne ut. Desse pensjonsutgiftene bør derfor refunderast fullt ut i samsvar med den reelle kostnaden for kvart år. Dette er heilt avgjerande for å få samsvar mellom dei reelle pensjonskostnadane og tilskotet.

Midlar til dekking av framtidige pensjonskostnadar må derfor komme som eit særskilt årleg tilskot, i tillegg til den ordinære rammeoverføringa som kyrkja i framtida vil få frå staten.

Dersom framtidige utgifter vert overført som eit eingongstilskot vil dette innebere ein stor økonomisk risiko, som i framtida vil kunne føre til alvorlege økonomiske konsekvensar for drifta av Den norske kyrkja.

Andre merknader:

Kyrkja sitt organ på nasjonaltplan er Kyrkjemøtet. Dette namnet burde vore endra til for eksempel "Kyrkja sitt storting" som vil vere eit namn som er meir forklarande for medlemmane.

Kommunen burde vore høyringsinstans av di det er lagt opp til fortsatt kommunal finansiering av den lokale kyrkja.

Høyringsfristen er for kort, ikkje minst av di dette er ei viktig høyring. Høyringsinstansane burde ha eit reelt høve til å kunne uttale seg. Arbeid knytt til høyringa fell på administrasjonen i ei tid på året, der ein i tillegg til vanlege administrative oppgåver også arbeider med budsjettet.

GAULAR SOKNERÅD SITT VEDTAK:

Med bakgrunn i grunnlovsendringa i 2012 er det nødvendig og ein naturleg konsekvens med ei endring av relasjonane mellom staten og Den norske kyrkja. Ein er samd med hovudforslaget i høyringa som vil etablere ei rettsleg handleevne til Den norske kyrkja sentralt, etter same modell av fristillinga mellom den lokale kyrkja og kommunen i 1997.

Forvaltningslova og offentlighetslova bør framleis vere gjeldande.

Det nye rettssubjektet vert kyrkjemøtet medan kyrkjerådet vert det utøvande organet.

Kyrkjemøtet må også ha høve til å delegere arbeidsoppgåver til både nasjonale og regionale organ.

Ein ynskjer også å påpeike at soknet framleis skal vere grunneininga i Den norske kyrkja. Dette inneber eit sjølvstendig rettssubjekt med dei rettar og pliktar soknet etter lova har i dag. Noko som også inneber soknet "ikkje kan løysast" frå Den norske kyrkja.

Det er viktig å syte for at dei endringane som kjem ikkje fører til at vi får ei meir sentralstyrt kyrkje. Derfor må dei økonomiske midlane som kyrkja får, så langt det er mogeleg vert nytta på soknenivå der det meste av arbeidet vert gjort.

Med bakgrunn i ovannemnde og i soknet sine rettar støttar ein KA sitt framlegg til utviding av det føreslåtte leddet til KL § 2:

"Hvert sokn skal være betjent av prest i et omfang som sikrer soknets medlemmer mulighet for regelmessig gudstenestefeiring, tilgang til kirkelige handlinger og nødvendig samordning med soknets virksomhet. Soknets organer har rett til medvirkning ved tilsetning av prest i eget sokn".

I tillegg til sikring av prestetenesta bør staten også ta det økonomiske ansvaret for å syte for at alle døypte får trusopplæring.

Når det gjeld kyrkjeleg tilsette som før hadde staten som arbeidsgjevar støttar ein Kyrkjemøtet sitt vedtak frå 2013 som inneber at desse får sitt tilsetjingsforhold hjå det sentrale rettssubjektet (Kyrkjemøtet) som ei midlertidig ordning.

Med bakgrunn i KA sin erfaring og kompetanse tilrår ein KA sitt framlegg om at disiplinære vedtak vert avgjort av ansvarleg arbeidsgjevar. Dette er ei ordning som er samanfallande med den ordninga som gjeld for andre kyrkjelege tilsette og tilsette i kommunar og fylkeskommunar.

Ein støttar framlegget i høyringa om at det er i kyrkja og samfunnet si interesse at prestane tek vare på sine oppgåver på eit tilnærma uavhengig grunnlag, men forplikta på ordinasjon og med eit personleg ansvar.

Når det gjeld framtidig finansiering av kyrkja ynskjer ein å halde fram med ein to delt finansiering tilsvarande den modellen som er nytta i dag. Denne ordning inneber at 1/3 er finansiert frå sentralt hald, denne delen av finansieringa dekkjer hovudsakleg utgiftene til prestetenester, tilskot til diakoni og trusopplæring samt utgifter knytt til kyrkja sine regionale og nasjonale organ. Dei resterande 2/3 av midlane er midlar frå kommunane til kyrkja lokalt.

Kommunal finansiering av kyrkja på lokalt nivå er av stor verdi. Det gjev oss på lokalplanet eit godt grunnlag for samarbeid og dialog som er av stor verdi når vi ber om løyvingar.

Dei lokale tenesteytingsavtalene er også verdifulle både av di dei gjev oss tilgang til rimelege tenester på m.a. rekneskapsføring og revisjon, og fordi dei skaffar oss ei stor kontaktflate inn i kommunen. Frå lokalkyrkja sin ståstad er det derfor ynskjeleg at vi får halde fram med føreskrifter for rekneskapsføring som er tilpassa det kommunale systemet. Dette samarbeidet gjer at kommunen kan tilføre den lokale kyrkja meir ressursar enn dei elles kunne av di det "kostar" kommunen relativt lite å ta med kyrkja når dei likevel har både personell og system til å utføre arbeidet.

Dersom vi framleis skal ha (og som høyringa legg opp til) 2/3 lokal finansiering av lokal kyrkja, er det heilt vesentleg at vi saman med kommunen, lokalt får høve til å nytte dei ressursane vi har til beste for det lokal samfunnet vi høyrer til. Dette samarbeidet er heilt avgjerande for at det skal vere realistisk å oppretthalde ei landsdekkande folkekyrkje.

Det er viktig at ordninga med momskompensasjon, slik den fungerer for lokalkyrkja i dag held fram. Når kommunen yter tilskot til den lokale kyrkja er det av stor verdi at den lokale kyrkja får refundert moms etter same regelverk som kommunen.

Tenesteytingsavtalar med kommunen om rekneskap og revisjon er svært vanleg. Dette vil innebere at Den norske kyrkja lokalt også i tida framover ikkje vil ha samanfallande regelverk med det som gjeld for Den norske kyrkja sentralt.

I samband med at dei som til no har vore statstilsette skal overførast frå staten til Den norske kyrkja sentralt, vil dette innebere store framtidig pensjonsforpliktingar for Den norske kyrkja. Dette er ein framtidig kostnad som er nær sagt umogeleg å rekne ut. Desse pensjonsutgiftene bør derfor refunderast fullt ut i samsvar med den reelle kostnaden for kvart år. Dette er heilt avgjerande for å få samsvar mellom dei reelle pensjonskostnadane og tilskotet.

Midlar til dekking av framtidige pensjonskostnadar må derfor komme som eit særskilt årleg tilskot, i tillegg til den ordinære rammeoverføringa som kyrkja i framtida vil få frå staten.

Dersom framtidige utgifter vert overført som eit eingongstilskot vil dette innebere ein stor økonomisk risiko, som i framtida vil kunne føre til alvorlege økonomiske konsekvensar for drifta av Den norske kyrkja.

Andre merknader:


Kyrkja sitt organ på nasjonaltplan er Kyrkjemøtet. *Dette namnet burde vore endra til "Kyrkjetinget" som vil vere eit namn som er meir forklarande for medlemmane.*

Kommunen burde vore høyringsinstans av di det er lagt opp til fortsatt kommunal finansiering av den lokale kyrkja.

Høyringsfristen er for kort, ikkje minst av di dette er ei viktig høyring. Høyringsinstansane burde ha eit reelt høve til å kunne uttale seg. Arbeid knytt til høyringa fell på administrasjonen i ei tid på året, der ein i tillegg til vanlege administrative oppgåver også arbeider med budsjettet.

Rett utskrift:

Sande: 30.10.14.


Magna Lisbeth Lunde
Kyrkjeverje

Kopi:

Kulturdepartementet v/kyrkjeavdelingen